

Internasjonal spelkonferanse

Det største nettverket av spelutviklarar i landet møtest til internasjonal konferanse på Voss denne veka.

I dag og fredag kjem det største nettverket av spelutviklarar og spelforskjarar i landet til Voss. Føretaket, som heiter JoinGame, skal ha si første internasjonale samling i Voss kulturhus.

Veksande industri

– Me har tidlegare hatt 12 nasjonale samlingar, og no i år inviterer me til ein internasjonal konferanse med mange store namn på gjes-

telista, seier leiar av JoinGame, Alf Inge Wang.

Ein stadig veksande internasjonal spelindustri er bakgrunnen for arrangementet, og mellom gjestene er mellom anna verdas største spelutgjevar Electronic Arts (EA), ARM, Unity 3D og Bandello.

Stort arrangement

– Me er stolte over programmet, og har over 100 påmelde, noko som også er rekord for våre arrangement, seier Wang. Det er den lokale spelutviklaren Bjarne Rene som har sytt for at konferansen skal haldast på Voss. I tillegg til å jobba for firmaet sitt Vostopia, sit han i styret for JoinGame.

FAKTA | JOINGAME

- Største nettverk av spelutviklarar og spelforskjarar i Noreg.
- Etablert i 2007.
- Jobbar for å fremja og styrke utvikling av og forsking på dataspel i Noreg.
- Medlemene kjem frå over 190 private og offentlege institusjonar, i tillegg til høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar som jobbar med dataspel.
- Føretaket er finansiert av Norges Forskningsråd.

Kjelde: leiar i JoinGame, Alf Inge Wang

– Me er veldig glade for at konferansen skal haldast på Voss, og er overveldat over dei gode fasilitetane staden har for eit slikt stort arrangement, seier Wang.

STINE STRAND CARLSEN | tekst
ssc@avisa-hordaland.no